

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag

23.10.2018 84 og 85

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Aksel Lygre. 1.vara Sigurd Totland.

Fråverande: Rune Sivertsen, Mona Ingvaldsen Hodne og 2. vara Magnhild Nøstbakken

Sak 76 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 18.09.18.

Innkalling og møtebok godkjend, med to saker som vart lagde til, sak.

Sak 77 – 2018 Oppfølging av tidlegare saker.

- **Utbetring av inngangsparti.** Aksel orienterte. Hellene er selde, og Landmark Maskin har lova å gjere arbeidet snarast.
- **Evaluering av temakveld om utanforskap og planlegging av neste samling.** Positiv kveld, og utfordrande. Viktig å vidareføre dette på ein ny temakveld. Gunnar Salamonsen har meldt avbod til neste temakveld. Toralf Steinsland kjem i staden og snakkar om det same temaet. Aksel leier og førebur. Inger Marie og Elin vert også med.
- **Medarbeidarfest 24.01.2019 i Håvik bedehus.** Vidare planlegging på komitè møte den 31.10.18
- **Prostidag 25.oktober – praktisk organisering**
- **Giroinnsamlinga medio november:** Forslag til tekst på pressemelding og giro vart presentert, -også plan for gjennomføring. Forslaga vart godkjende med dei endringar

som vart gjort. Giroane vert fordelte på soknerådsmøte den 20. november.

Sak 78 – 2018 Oppfølging etter inspirasjonsdag 22.september og samrådsmøte Håvik bedehus 16.oktober:

Referat er sendt ut.

- Cellegrupper: Kyrkja og bedehusa går felles ut for å få fleire med i
 - cellegrupper. Det vert utarbeidd eit framlegg til praktisk plan for gruppene ved Aksel.
 - Om gudstenesta:
 - o Forklare liturgiske ledd vert tatt med i forkynninga.
 - o Øv på nye salmer før gudstenesta
 - o Korleis bli endå betre på å sjå nye/kvarandre vert tatt med i forkynninga.
 - o Involvere fleire. Korleis, og i kva?
 - o Kva strategi bør me ha når det gjeld tidsavgrensing for oppgåver?
 - Idear til kveldssamlingar: Lese frå Bibelen, tydeleg bibelundervisning m.m.
 - Invitere nye tilflyttarar til særlege samlingar?
 - Andre eventuelle punkt etter samrådsmøte
- Me kjem attende til desse punkta ovanfor i seinare møte.

Sak 79 – 2018 Offerlista 2019.

Inger Marie, Rune og Aksel la fram forslag frå komiteen.
Forslaget vart godkjend.

Sak 80 - 2018 Datoar for soknerådsmøte og for årsmøte våren 2019.

Forslag til datoar: 15/1; 19/2; 12/3; årsmøte 21/3; 08/4; 21/5; 18/6.
Forslag godkjend.

Sak 81 – 2018 Valkomite til soknerådsvalet 2019

Kven frå soknerådet sit i komiteen? Kven spør me utanfrå SR?
Namn vart føreslått. Aksel spør

Sak 82 – 2018 Val av leiar og nestleiar 2019

Rune og Gunnvald er attvald som leiar og nestleiar i Moster Sokneråd i 2019.

Sak 83 – 2018 Referat og meldingar

- Invitasjon til tur til Estland. Avreise 8. juli.
- Vern av gravminne – ved Sigurd. Kyrkjevevja tek kontakt og gjer avtale for arbeidet vidare.
- Liste over inventaret i Moster kyrkje – ved Aksel. Ola Jan Grindheim har sagt ja til å vere med å lage lista.
- Sikring av kvalitet på lyd og bilete i kyrkja. Aksel orienterte.
- Status godkjenning av preikestolsklede: Soknerådet har fått utsett fristen for å få pengar frå Finnås Kraftlag frå 2018 til 2019
- Prostdag 25.oktober: Elin tek ansvar for å melde på deltakarar. Elin og

Aksel snakkar med biskopen om manglande svar frå bispekontoret.

- Frå møte i fellesrådet: Ingenting å melde.
- Orgelkomité. Gunnvald orienterte. Det er innhenta svar frå aktuelle orgelkonsulentar, og det vert avgjort kven som vert orgelkonsulent i møte den 24.10,18
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre:

-Ole Christian Kvarme vert talar på pinsegudstenesta 2019

-Varmepumpene vert reparert i næraste framtid.

-Fellesrådet tek kostnaden for mikrofonar og stativ.

-Flaumljos manglar på venstre side av porten.

Sak 84 – 2018: Tredje kvartalsrapport:

Kvartalsrapporten vert teken til vitande.

Sak 85-2018: Oppmerking av parkeringsplass.

Soknerådet bed Fellesrådet sjå til at det vert merka opp att parkeringsplassar. Målinga er no heilt borte.

Skrivar

Per Harald Gjerde